

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>5/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Torsdag 13. juni kl. 14:00-16:30 og fredag 14. juni kl. 09:00-12:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Skjerjehamn, Gulen kommune</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Reidun Halland, Svein Helge Hofslundsengen(13. juni)
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bjørg Rydland, Bent Gunnar Næss (sak 51-53)
<b>Andre:</b>	Lars Sponheim, Tom Erik Baksaas (sak 54/13)
<b>Forfall:</b>	Vidar Bråthen, Jan Olav Osen

<b>Sak 51/13</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 52/13</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll frå møte 4/2013</b> Møteprotokollen frå møte 4/2013 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 53/13</b>	<b>Status oppfølgingsaker</b> Kjapp gjennomgang, ingen spørsmål
<b>Sak 54/13</b>	<p><b>Kommunestrukturprosjektet</b> (vedlegg) Tor Erik Baksaas, Telemarksforsking / Ernst &amp; Young presenterte utkast til rapport fase 1. Sjø presentasjon. Etter presentasjon var det dialog og tilbakemeldingar til Baksaas. Innspela tek han med i slutføringa av rapport fase 1.</p> <p>Fleire gav inntrykk av dette er spennande arbeid, og at rapporten er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. Fylkesmann Sponheim peika på at ein storkommune med bortimot alle ni kommunane ville liggja tett opptil regionkommunemodellen. Han meinte vidare at rapporten burde peika på det potensiale som ligg i å overta regionale oppgåver frå stat/fylke dersom ein får ein kommune med 30-40 000 tusen innbyggjarar. T.d. oppgåver innanfor kultur, samferdsle og regional utvikling.</p> <p>Nils Marton Aadland synest det var ein god gjennomgang og var enig med fylkesmannen i at ein større eining burde få overført oppgåver frå stat/fylke. Han synest og det var flott med to løp – eit samanslåingsløp og eit samarbeidsløp. Det er no viktig å ta dei gode debattane og få eit tydeleg vedtak i kommunestyra.</p> <p>Per Lerøy peika at sjølv om regionen har 50-60 ulike samarbeid mellom to eller fleire kommunar, så utgjer dette ein forholdsvis liten del av det kommunale budsjettet. Han peika og på at eit alternativ mangla, nemleg at det kunne verta fleire kommunesamanslåingar – ikkje berre ein. (Merknad frå dagleg leiar er at dette er tenkt med i den vidare prosessen).</p>

	<p>Astrid Aarhus Byrknes takka for gjennomgangen og sa at det er viktig å ha god tid på prosessen og at det var viktig med god informasjon så tidleg som mogeleg i den vidare prosessen – både til politikarar og innbyggjarar.</p> <p>Jon Askeland viste til at rapporten var fokusert på KOSTRA tal (økonomi) og i litt lita grad på effektivitet – og at den bør bli litt grundigare og slagkraftig på det strategiske. Han var einig at ein burde sjå på fleire samanslåingsmodeller.</p> <p>Øistein Søvik meinte at rapporten også må seia noko om gebyr og eigedomsskatt og ikkje berre konsesjonskraft.</p> <p>Kari Aakre lurte på kva ein la i ordet «fullverdig servicekontor» og peika på at Osterøy allereie er ein utkant i dag, og at det ikkje vert mindre med ein storkommune.</p> <p>Hallvard Oppedal meinte rapporten er interessant, og at den er eit viktig grunnlag fram mot nyttår. Det er viktig å ivareta utkantane og å kunne sjå på andre konstallasjonar enn berre ein stor kommune.</p> <p>Tor Erik Baksaas takka for gode innspel og poengterte at andre – og fleire alternativ er viktig å diskutera i neste fase. Neste fase vil vera i haust, og at kommunane før nyttår må bestemma seg for å gå vidare med samanslåingsløpet eller samarbeidsløpet.</p>
<p><b>Sak 55/13</b></p>	<p><b>Status helsehus.</b></p> <p>Tor Erik Baksaas gav fyrst ein kort status på rapporten NUI har bestilt vedr. vurdering av selskapsform (eigarskap) av helsehuset. Rapporten er ikkje levert NUI enno og informasjonen er derfor ei førebels løypemelding. Områda som vert belyst er fordelar og ulemper (SWOT) med ulike modellar for bygging og eige av huset; vertskommune, IKS, AS eigd av kommunane og privat eige.</p> <p>Rune Heradstveit understreka at dette er eit arbeid som pågår og orienterte deretter kort om status for arbeidet med å vurdere nærare ulike tomter og bygg i Knarvik som kan vera aktuelle for eit helsehus.</p>
<p><b>Sak 56/13</b></p>	<p><b>Biosfære. Underskrift av samarbeidsavtale</b> (vedlegg)</p> <p>Jon Askeland ønskte rektor ved Universitet i Bergen (UiB) Sigmund Grønmo og professor emeritus Peter Emil Kaland velkomen til møtet og seremonien med å skriva under samarbeidsavtale mellom Regionrådet og UiB. Avtaleseremonien representerer den formelle starten på prosjektet som har som mål at UNESCO etablerer Norges første biosfæreområde i Nordhordland.</p> <p>Peter Emil Kaland presenterte så kortfatta kva eit Unesco biosfæreområde er – og kva det betyr (sjå vedlagte presentasjon). UNESCO har gjennom vel 40 år oppretta 612 «Man and Biosphere Reserves» i 119 land. Eit biosfæreområde skal bidra til bærekraftig bruk av naturressursane med omsyn til framtidige generasjonar. Områda skal fungera som «kreative laboratorier» for å prøva ut nye måtar å leva moderne med mindre belastning på miljøet. UNESCO har peika på at vårt land forvaltar høge natur- og kulturverdiar og store naturressursar, og har gjeve eit tydeleg signal om at Norge bør slutta seg til dette internasjonale samarbeidet.</p> <p>Nordhordland peikar seg ut som eit svært aktuelt område for programmet, med den varierte naturen frå høg fjellsområdet i Stølsheimen, via fjord- og kystlandskapet til olje/gass felta i Nordsjøen. Ei forutsetjing for biosfæreområde er nær kontakt mellom forskning og samfunnet. UiB har over lang tid gjennomført forskingsprosjekt i Nordhordland innan ei lang rekke fagområder. Denne kunnskapsbanken vert viktig både når søknaden skal utarbeidast og for oppstart av nye forskingsprosjekt når biosfæreområdet er blitt etablert.</p>

UiB har hovudansvaret for å utarbeida ein søknad i nært samarbeid med Regionrådet / Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI). Den første kvalifiseringsøknaden skal sendast inn til den norske UNESCO-kommisjonen våren 2014. Dersom søknaden blir godteken, vil Nordhordland få status som Biosfærekandidat. Hovudsøknaden til regjeringa vil ta inntil 3 år å utarbeida.

Regionrådet Nordhordland / NUI er prosjekteigar og har ansvar for den praktiske organiseringa av prosjektet inkludert engasjement av prosjektleder i Nordhordland. Professor emeritus Peter Emil Kaland er faglig koordinator ved UiB for arbeidet med søknaden.

#### **Spørsmål og dialog.**

Det kom innspel om at avtalen kom litt tidleg, og at det usikkert kva som ligg av økonomiske forpliktingar. Regionrådsleiar og dagleg leiar viste til tidlegare handsaming i Regionrådet der kommunane har vedteke å gå vidare med prosjektet og at dei har forplikta seg med ein liten sum i 2013 og 2014, til saman kr. 45 000 pr. kommune. Dette skal vera nok til å kunne utarbeida og levera ein søknad om og verta biosfærekandidat. Når svaret på dette føreligg, må ein få på bordet planar og økonomiske sider når det gjeld hovudsøknaden.

Rektor ved UiB Sigmund Grønmo heldt så ein tale der han understreka at han var stolt og glad for at ein i dag skulle skriva under ein avtale om å bli Norges fyrste Unesco biosfæreområde. Spesielt gledeleg var at det skjedde her i Gulen som han har eit nært forhold til. Nordhordland er eit svært viktig nærområde for UiB, dei har mange studentar frå området, og mange tidlegare studentar jobbar her i dag. Nordhordland er også ein viktig region for UiB når det gjeld feltarbeid og forskning - og dette prosjektet vil gjera regionen endå viktigare i framtida. Det er framsynt av regionen å starta søknadsprosessen - og regionen vil bli ein føregangsregion når det gjeld forvaltning, bevaring og utvikling av mangfoldet. Avtalen i dag er eit historisk dokument, og rektor har stor tru på prosjektet.

Rektor Sigmund Grønmo og regionrådsleder Jon Askeland underteikna så ein samarbeidsavtale mellom UiB og Regionrådet Nordhordland.

#### **Sak 57/13**

##### **Dialogmøte med fylkesmann Lars Sponheim**

Fylkesmann Lars Sponheim takka for invitasjonen og for hyggeleg dag og kveld torsdag. Dette var noko han ønskte å vidareføra til andre regionar.

Fylkesmannsembetet har gjennomført omfattande organisasjonsendringar sidan han starta, spesielt innanfor kommuneretta oppgåver som saker etter plan og bygningslova, økonomi, beredskap m.v. Oppgåvene er no samla i Kommunal og samfunnsplanavdelinga. Dette har vore medverkande til at seks månaders sakshandsamingstid innanfor byggjesak no er redusert til to månadar. Det er elles endringar i leiargruppa – bl.a. miljøvernsjef og utdanningsdirektør.

1600 dispensasjonssaker i året – mange vart påklaga og mange gjekk til settefylkesmannen. Dette er det nesten slutt på no. Embetet er i forkant i saker, og kan engasjera seg meir i å gje forhandsuttalar m.v. for å gje gode løysingar. Embetet har oppdrag frå 13 departement og 12 direktorat, men har eit klart mål om å samordna staten betre.

Embetet har oppretta ei ekstra stilling for å planlegga betre busetnad og busetnadsmiljø. Denne skal vera pådrivar – og til hjelp for kommunane i Hordaland. Tema er fortetting, by- og miljøutvikling, unngå konfliktnivå seint i prosessane og få til meir bustadbygging – kjappare innanfor dei nasjonale rammene. Regjeringa har beordra konseptutvalsutgreiing vedr Arna – Voss, og dette vil vera viktig i forhold til framtidig bumønster i forhold til Bergen m.v. Det vil bli mykje masser til overs i Vaksdal og Voss, og dette må takast omsyn til på ein god måte og brukast til bustadetablering m.v. Fylkesmannen ynskjer å vera med å få dette til på ein god måte.

Embetet skal delta i eit motsegnsprosjekt – der alle statlege motsegn vert samla hos fylkesmannen frå 1. september. Dette tvinger fylkesmannen og andre statsinstansar til å snakka godt saman tidleg i prosessen og gje signaler då. Seks fylke er med i ordninga, og dette er både eit spennande og viktig prosjekt som kan føra til ein betre kvardag for kommunane. Fylkesmannen er elles ikkje stressa når det gjeld planstatus i Nordhordlandsregionen.

Lars Sponheim er nettopp valt inn som medlem i eit Regjerings oppnemnt utval for busetnad og flyktingar. 4436 menneske er i dag på asylmottak, desse er blitt nordmenn, men ingen vil ta i mot dei. 500 av dei skal busetjast i Hordaland. Sponheim bad kommunane om å sjå samfunnsoppgåva i dette. Får me ikkje dette til no, vil det innan to år koma konkrete kvoter.

Når det gjeld beredskap, er det viktig at kommunane lagar seg rutinar på mottak, vidareending og svar på varslingsmeldingar som kjem på SMS og e-post. Direktorat har høge skulder og er stressa for tida, og dette gjer nokre dumme utslag når det gjeld nivået på rapporteringa. Fylkesmannen har teke eit initiativ overfor fylkeskommunen for å sjå på brannvernet totalt i fylket. Arbeidet har vorte litt forsinka. Justisdepartement har gjennom NOU sagt at det må skje aksjon og forandring når det gjeld brann og redning. Åleineansvaret i framtida, kan ikkje liggja hos kvar kommune.

#### **Dialog**

Nils Marton Aadland synest det var veldig greitt å få informasjon direkte frå fylkesmannen sjølv. Veldig bra med prøveprosjekt innan samordning av motsegn. T.d. har områdeplan Frekhaug i siste runde seks motsegner frå vegvesenet på ting som har vore drøfta tidlegare. Dette er kjernen i problemet – og håpet er at prøveprosjektet skal gjera at ein unngår dette.

Det var spørsmål om det kunne vera aktuelt med utekontor i regionane når det gjeld verjemål? Dette må fylkesmannen koma tilbake til.

#### **Flyktingar – viktig tema.**

Astrid Aarhus Byrknes peika på at flyktingar er eit veldig viktig tema – og at det må sjåast i større samanheng. Busetnad og bustadar for flyktingar er eit stort problem og ho stilte spørsmål om det kan vera aktuelt med bufellesskap for mindreårige flyktingar? Kristin Handeland sa at Fedje ynskjer å ta i mot flyktingar, men ynskjer gjerne å høyra korleis andre løyser dette. Sponheim opplyste om at Austrheim skulle ta i mot ti, men har teke i mot 18. Det hausta applaus i salen. Odd Ivar Øvregård føreslo at me samarbeider om eit prosjekt vedr. problemstillingar om dette med bustadar og at me set ned ei gruppe som jobbar med dette – og køyrer eit prosjekt for å laga permanent bustadoversikt. Jon Askeland sa at dette er eit tema Regionrådet kan belysa nærare til hausten.

#### **Beredskap - kvite flekker mobildekning / nødnett**

Karstein Totland tok opp at Masfjorden slit med ordinær mobildekning og meiner at burde sjå dette i samband med utbygginga av nødnettet. Men dette synest umogeleg av ein eller annan grunn. Telenor har vore avvisande m.v. Fylkesmannen viste til at etatane som jobbar med nødnett har vore positive, men ein slit me å vita kor flekkane ligg. Han føreslo at Regionrådet ber om eit møte med dekningsansvarleg for Nordhordland, og at ein set seg ned og prøver å finna løysing over bordet.

Det vart også stilt spørsmål om kva kostnadar som ligg i nødnett – både i startfasen og seinare. Regionen ber om møte med begge aktørar – både Telenor og nødnettetatane. Dagleg leiar fylgjer opp sakene

#### **Sak 58/13**

#### **Status «Nordhordlandspakken, E39 Bergen – Nordhordland»**

Det er lite endringar i status om pakken, anna enn at det er levert komitémerknad der ein ber om planleggingsmidlar slik at vegvesenet kan starta planlegging snarast. Vidare vurderer

	<p>styret ulike tiltak for å få pakken i gong så tidleg som mogleg. Stortinget NTP behandlar saka måndag 17. juni.</p> <p>Per Lerøy orienterte om komitémerknad vedr Tverrsambandet og Nils Marton Aadland opplyste om at det er generalforsamling i Tverrsambandet måndag 24. juni, og elles at ny informasjon i prosjektet gjer at styret vurderer anna traseval på deler av sambandet. Prosjektet i dag er annleis enn slik prosjektet var tidlegare.</p>
<p><b>Sak 59/13</b></p>	<p><b>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur).</b></p> <p><b>Helse:</b>  ØH-senger: Tilsetjing av folk og praktisk tilrettelegging er i rute. Viktig med god informasjon til innbyggjarane om dette – og plan for dette vert jobba med.</p> <p>Folkehelse: Arbeid med nedsetjing av arbeidsgruppe er starta.</p> <p>Helseutvalet er bekymra for alle ønskjer om grupper og underutval som skal setjast ned til ulike oppgåver, og der fagpersonar skal bidra og gjerne representera heile regionen. Dette går utover ordinære oppgåver og det kan vera utfordrande når ein eller fleire personar skal representera heile regionen.</p> <p><b>Orientering om status for budsjett legevakt og ØH-senger.</b>  Øistein Søvik orienterte om at styrking av legevakt (LV) allereie er gjennomført. Osterøy kom inn i samarbeidet i mars, Gulen i april. Dette har gått veldig greitt.</p> <p>Øistein Søvik viste til diskusjonar om behov for styrking av LV eller ikkje - uavhengig av Osterøy og Gulen. Han peika på at det utvilsamt var eit fagleg behov for dette. For å driva forsvarleg, har me ikkje noko val.</p> <p>Gulen og Osterøy bidrar positivt inn i rekneskapet. ØH-sengene gjer det same, men ikkje like mykje som låg i alternativet som tidlegar var presentert. Grunna oppstart fyrst i september får ikkje kommunane fullt tilskott. For 2013 betalar Helsedirektoratet ut 2/3 av tilskotet til kommunar startar etter 01.06.</p> <p>Øistein Søvik informerte vidare om tall og utrekningar som er gjort i forhold til kostnader for den enkelte kommune.</p> <p>Nils Marton Aadland takka for god gjennomgang, men lurte på om det er mogleg å skyva på tilsetjingar eller andre skadeavgrensingar for å spare pengar i år? Øistein Søvik viste til at ein allereie er godt i gang med ombygging av leilegheitene og at rekrutteringsprosessen er i gong. ØH-sengene bidrar fortsatt positivt inn i prosjektet, så det er lite aktuelt å endra på planane</p> <p>Det var så litt diskusjon. Ein var enige om at når ein går ut med tall / budsjett m.v. i framtida, så må tala vera nokolunde korrekt, slik at oppfatningane ute i kommunane vert nokolunde korrekte i frå starten.</p> <p><b>Nærings- og samferdsle:</b>  Førre møtet vart avlyst. Det vert ein konferanse 17. oktober som handlar om byggesak, og der målet er å få til betre praksis og handsaming innanfor byggesakshandsaming og målgruppa vil vera tilsette som jobbar med dette i administrasjonen i kommunane, næringslivet og byggebransjen.</p> <p><b>Kultur:</b>  Førre møtet vart avlyst. Fylkeskommunen jobbar med regional kulturplan der Nils Marton Aadland er saksordførar. Han håpar at Region Nordhordland er offensiv i dette arbeidet. Den veksten ein opplever i fylket må også visa igjen i kulturplanen.</p>

	Astrid Aarhus Byrknes viste til at me er ein festivalregion i Nordhordland. Trygg transport heim etter festivalar er eit viktig tema. Koordinering av festivalar og t.d. transport er noko me må prøva å få til frå neste år. Kulturutvalet bør sjå dette. Bl.a. har Skyss midlar som dei brukar til slike føremål. Melding om dette bør gå til den enkelte arrangør. Per Lerøy tek kontakt til Skyss, og det kan dei andre ordførarane gjera i forhold til andre liknande arrangement i eigen kommune.
<b>Sak 60/13</b>	<b>Meldingar og eventuelt</b>
	<p><b>Nordhordlandslaget</b> Det vert ingen utsending frå regionen. Regionen sender ei helsing med underskrift frå alle ordførarane. Jon Askeland og dagleg leiar utfører.</p> <p><b>Forskningsprosjekt UIB</b> Rune Heradstveit orienterte kort om eit møte han hadde hatt med UiB vedr. forskingsprosjekt knyta til miljørisiko, global oppvarming og lokale tilpassingsstrategiar. UiB ynskjer å gjera eit prosjekt i rasutsette kommunar. Masfjorden og Modalen meldte seg umiddelbart. Dagleg leiar sender ein e-post om tilbod om dette til alle kommunar.</p> <p><b>Kommunestyra - informasjon</b> Rune Heradstveit inviterte seg ut til kommunestyra for å gje informasjon om NUI og om pågåande saker dersom det var ynskjeleg.</p> <p><b>Neste møte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Mandag 16. september kl. 11:30 - 15:30, NUI.</li> </ul>

Knarvik, 21. juni 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

Sak 54 /13: Presentasjon Kommunestrukturprosjektet

Sak 56/13: Presentasjon Biosfære